

Austevoll Sokneråd

Fellesrådssaker

FØRNYINGS-, ADMINISTRASJONS-
OG KIRKEDEPARTEMENTET

15 SEPT 2010

Arkivsak 10/00006

Dato: 25.08.2010
Arkivsak-navn: HØYRINGSNOTAT
Saksbehandler: JanTørres
Dokumentnavn: Framlegg til endring i gravferdslova og kyrkjelova
Dokumentnummer: 10/00006-001
Arkivkode: 501

SAKSNR: 2010 01734-112

Utvalgssaksnr.: 026/10

Saksframstilling

Fornyings- administrasjons- og kirke departementet har sendt ut på høyring eit notat med framlegg til endringar i gravferdslova og i kyrkjelova.

Grunngjevinga for høyringa er at det i samb. m. handsaminga av St.meld. Nr. 17 (2007-2008) vedk. "Staten og den norske kyrkja" vart varsla at det også ville bli ei gjennomgong av gravferdslova, med sikte på å betre leggja til rette for religiøse og livssynsmessige minoritetars behov ved gravferder.

I. GRAVFERDSLOVA

Kyrkjeleg fellesråd skal framleis vera lokal ansvarleg gravferdsmyndighet og forvalt gravferdslova.

Når det gjeld livssynsnøytrale seremonihus, som det har vore ein del fokus på, så vert dette utreda av kulturdepartementet, som no har ansvar for trus- og livssynsspørsmål.

Hovudinnhaldet i lovforslaga er:

- ☒ Ei faneparagraf som gjer tydeleg at gravlegging skal skje med respekt for den avlidnes religion og livssyn.
- ☒ At muligheten for gravlegging i særskilt tilrettelagt grav vert styrkt.
- ☒ At trus- og livssynssamfunn vert likestillt når det gjeld gjennomføring av seremoniar i samb.m. opning av ny gravlund / gravfelt.
- ☒ at gravferdslova sitt namn og bruk av ulike begrep skal vera livssynsnøytrale.
- ☒ At det i kvar kommune vert etablert eit kontaktforum vedk. gravferd for dei ulike trus- og livssynssamfunn.

Årsaka til tilrådde endringar er at Noreg i større og større grad er blitt eit fleirkulturelt samfunn og ei auka trong for å ta vare på eit livssynsmessig mangfold på ein god måte. Særleg er det knytt ein del utfordringar til andre trussamfunn sine gravskikkar.

Det er også aukande tendens til at einskildpersonar ynskjer individuelle ordningar ut frå egne interesser og familieforhold. Det vert i notatet peika på at i møte med død, sorg og gravferd er det særskilt viktig å vera lyttande og imøtekomande overfor ulike behov.

Det vert vidare peika på at begrep som kyrkjegard skal erstattast med meir nøytrale nemningar som gravlund eller gravplass og at ein ved nyanlegg bør vurderer å erstatta vigsling av heile gravlundene med vigsling av felt for å gjera tydeleg at deler av gravlundene vert brukt av ulike trus- og livssynssamfunn.

II. KYRKJELOVA

I kyrkjelova vert det tilrådd:

- ▣ At lova vert tilpassa den nye organiseringa av prestetenesta.
- ▣ Heimel for å henta inn politiattest for tilsetjing i kyrkjelege stillingar og for einskilde friviljuge oppgåver.
- ▣ At krav om medlemskap i Den norske kyrkja for tilsetjing av lærar ved teologisk fakultet opphøyrer.
- ▣ At det vert innført klageadgang for einskilde kyrkjelege organ sine vedtak etter offentighetslova.

Det vert dessutan tilrådd nokre mindre lovtekniske justeringar i kyrkjelova som følge av endringane i gravferdslova, nokre mindre endringar vedk. tilsetjingar i kyrkjerådet sitt sekretariat og tilpasning til barnelova sine vedtekter og kyrkjebokføring.

Gravferdslova finn du på side 188 og utover i "Handbok for sokneråd og kyrkjeleg fellelsråd." Meiner alle skal ha fått eit eks. av den. Dersom ikkje, ta kontakt med kyrkjekontoret.

Fylgjande endringar i gravferdslova vert tilrådd:

§ 23. Forvaltningsansvar

Nytt tredje ledd som skal lyda slik:

"Den som har forvaltningsansvaret for gravlegging i kommunen innbyr minst en gang i året de tros- og livssynssamfunn som er virksomme på stedet, til et møte for å drøfte hvordan tros- og livssynssamfunnenes behov ved gravferd kan ivaretaes."

§ 1. Hvor gravlegging skal skje.

Overskrifta skal lyda: *"Grunnleggende bestemmelser"*

Nytt fyrste ledd skal lyda:

"Gravlegging skal skje med respekt for avdødes reigion og livssyn"

§ 6. Rett til grav

Andre ledd nytt tredje punkt skal lyda:

"Ved gravlegging i grav som er særskilt tilrettelagt for å imøtekomme religiøse og livssynsmessige (minoriteters) behov, dekkes kostnadene av fellelsråd i hjemkommunen når denne ikke selv har et slikt tilbud."

§ 5. Vigsling av gravlund

Overskrifta skal lyda: *"Seremoni på gravlund"*

§ 5. skal lyda:

"Tros- og livssynssamfunn som er virksomme på stedet skal gis anledning til å gjennomføre en seremoni når en ny gravlund tas i bruk . En slik høytidleighet må ikke utformes eller gjennomføres slik at den forhåner eller på en krenkende eller sårende måte viser ringeakt for de andre tros- eller livssynssamfunnene som gravlegger sine medlemmer på den samme gravlund."

§10. Kremasjon

Nåværande tredje ledd vert endra til:

"Kremasjon skal skje i godkjent krematorium og senest 14 dager etter dødsfallet."

§12. Frist for gravlegging

Første ledd skal lyda:

"Dersom avdøde ikke er blitt kremert, skal gravlegging skje senest 14 dager etter dødsfallet."

§13. Unntak frå reglene om frist for kremasjon og gravlegging

§13 skal lyda:

"Fristene i § 10 andre ledd og § 12 gjelder ikke når avdødes legeme skal nyttes i samsvar med bestemmelsene i lov av 9. februar 1973 om transplantasjon, sykehusobduksjon og avgivelse av lik m.m., eller det er besluttet sakkyndig likundersøkelse i medhold av straffeprosessloven §228. Kirkelig fellesråd kan forlenge fristen i §10 andre ledd og § 12 dersom det foreligger tungtveiende grunner for det.

Dersom vilkårene for oppbevaring av kiste tilsier det, skal kirkelig fellesråd forkorte fristene i §10 andre ledd og §12.

Fellesrådets avgjørelse etter denne paragraf kan ikke påklages."

§ 4. Anlegg m.v. av gravlund og krematorium

Første ledd skal lyda:

"Anlegg utvidelse, nedleggelse eller annen vesentlig endring av gravlund og bygninger på gravlund kan ikke skje uten etter tilslutning fra kommunen og med tillatelse fra bispedømmerådet. Bispedømmerådet kan sette vilkår for tillatelsen."

§ 6. Rett til grav

Første ledd skal lyda:

"Avdøde personer som ved dødsfallet hadde bopel i kommunen har rett til fri grav på gravlunden her. Det samme gjelder dødfødte barn, når moren eller faren har bopel i kommunen."

§ 9. Hvem som sørger for gravferden:

Andre ledd, siste punkt skal lyda:

"Ektefelles rett etter denne bestemmelsen gjelder tilsvarende for person som levde i ekteskapsliknende samboerskap med avdøde da dødsfallet fant sted.

§ 9. Kremasjon

Første og andre ledd vert slått saman og skal lyda:

"Kremasjon kan skje med mindre det er kjent at det var i strid med avdødes ønske."

§23a Krigsgraver m.m.

Ny § 23a skal lyda:

"Graver for utelandske soldater og krigsfanger (krigsgraver) fra første og andre verdenskrig skal være fredet uten tidsbegrensning, holdes i hevd og forvaltes med den verdighet som deres egenart tilsier. Departementet kan gi nærmere regler om forvaltning og vedlikehold av krigsgraver, krigsgravlunder og krigsminnesmerker."

ENDRINGAR I KYRKJELOVA

Tilpasning til ny organisering av prestetenesta

Begrepet prestegjeld er tilrådd teke ut av kyrkjelova. Endringa medfører at prestestillingar som til no har hatt eit prestegjeld som tenestedistrikt, vil få prostiet som tenestedistrikt. Begrepet prestegjeld vert erstatta av prosti.

Vidare vert det presisert at:

"I §5 får imidlertid den foreslåtte endringen som konsekvens at det blir noe større rom for å gjøre tilpassninger i den lokalkirkelige organisering. Departementet vil etter forslaget kunne gjøre tilpassninger i bestemmelsene om kirkelig fellesråd i prostier hvor ikke alle sokn hører til samme kommune. Departementet vurderer denne konsekvensen som ønskelig, ved at den blant annet kan åpne for en bedre samordning av ledelse og arbeidsgivermyndighet. Bestemmelsen kan også gi grunnlag for permanent samarbeid mellom fellesråd i et prosti. Et samarbeid må ikke nødvendigvis omfatte alle sokn i et prosti og det kan også være aktuelt å foreta justeringer av prostigrensene i denne sammenhengen."

Soknerådet si samansetjing

Biskopen fastset kva prest som skal vera medlem i soknerådet. Biskopen fordeler prestane innanfor tenestedistriktet slik at kvart sokneråd får ein prest som medlem. Biskopen fastset og korleis prestane skal vera varamedlemmer for kvarandre .

Soknemøte sin uttalerett

Når soknemøte sin uttalerett etter gravferdslova er teke bort, må tilsvarande gjerast i kyrkjelova. Det vert difor tilrådd ei endring av soknemøte si betydning som lokalkyrkjeleg organ. Utviklinga av det kyrkjelege representative demokrati medfører soknemøtets betydning er redusert. Soknet sine interesser vert ivareteke av dei valgte organa sokneråd og fellesråd.

Politiattest

Framlegg til endring i kyrkjelova § 9

"Det kan utstedes barneomsorgsattest, jf politiregisterloven § 39 til bruk for lovbestemte organer i Den norske kirke for person som lønnet eller ulønnet skal ansettes, utføre oppgaver, eller inneha tillitsverv der vedkommende vil ha ansvar for, eller være i kontakt med mindreårige."

Sakshandsaming

Nytt andre ledd § 38

"Vedtaket etter offentlighetsloven som er truffet av menighetrådet eller kirkelig fellesråd, kan påklages til bispedømmerådet. Vedtaket etter offentlighetsloven som er truffet av bispedømmerådet, kan påklages til Kirkerådet."

Tredje ledd b. skal lyda:

"Personer med soknet som arbeidsgiver og som i egenskap av tilsatt har medvirket ved tilretteleggelse av grunnlaget for en avgjørelse, eller ved tidligere avgjørelser i samme sak, skal alltid anses som ugild når saken behandles i organ for soknerådet."

Forslag til vedtak

Austevoll sokneråd viser til høyringsnotat av juni 2010 med framlegg til endringar i gravferdslova og kyrkjelova.

Soknerådet meiner at fleire av endringsforslaga er ei tilpassing av gravferdslova og kyrkjelova til allerede eksisterande praksis. Austevoll sokneråd har såleis lite å merka til dei fleste av endringsframlegga.

Austevoll sokneråd vil likevel merka følgjande.

I. GRAVFERDSLOVA

Austevoll sokneråd er samd i, og glad for, at høyringsnotatet stadfestar tidlegare praksis med at fellesrådet framleis er lokal gravferdsmyndighet, men at fellesrådet må vera seg bevist at dette er ei oppgåve ein forvaltar på vegne av samfunnet, med respekt og verdighet, og slik har det også vore praktisert. Ingen har lengre og betre erfaring med dette enn fellesrådet og det må også vera lov å sei at på dette området gjer kyrkja ein svært god jobb.

§ 10 og 12 Frist for gravlegging

Austevoll sokneråd meiner at tidlegare frist på 8 dagar i dei aller fleste tilfeller er dekkande for folk sine ynskjer. Når kyrkjevevja i tillegg har høve å dispensera frå fristen, skulle det vera mogeleg å handtera det meste av tilfella. Soknerådet er fullt klar over at tida har endra seg og folk kan ha heile verda som virkeområde. Ein har såleis forståing for at det i einstilte tilfeller kan vera ynskjeleg/naudsynt å endra frist for gravlegging til 14 dagar. Det må likevel ikkje vera slik at omsynet for den døde må vika for omsynet for dei pårørande.

Kremasjon

Dersom ein vel kremasjon, påfører dette pårørande ein ekstra kostnad i forhold til gravlegging. Slik bør det ikkje vera. Utgiftene må vera dei same anten ein vel kremasjon eller gravlegging.

§ 23 Forvaltningsansvar

Austevoll sokneråd er samd i at den som har forvalteransvaret for gravlegging i ein kommune, kallar inn "tros- og livssyns-samfunn som er virksomme på stedet" til eit samrådsmøte for å ivareta ulike behov ved gravferder. Det må i tilfelle klargjerast kven som avgjer kven som er "virksomme på stedet" og kva kriterier som skal leggjast til grunn for ei slik avgjerd?

Soknerådet vil også tru at behovet frå stad til stad er noko ulikt og at det i små kommunar som t.d. Austevoll ikkje vil vera naudsynt med slike samlingar kvart år. Her må det vera rom for sunt vett. Soknerådet vil også peika på at ved slike samlingar vil det vera naturleg at også andre, som t.d. gravferdsbyråa på staden vert kalla inn.

II. KYRKJELOVA

Tilpassing til ny organisering av prestenesta.

Ut frå endra organisering av prestenesta og at samansetjinga av ein del prosti tydeleg er prega av å høyra ei anna tid til, er Austevoll sokneråd samd i at det kan vera både naudsynt og tenleg med ein del endringar/justeringar for nokre av prostia våre. I ein slik prosess er det viktig at prestegjelda/tenestedistrikta vert teke med på råd og at det vert vektlagt kva ein opplever som naturleg/ynskjeleg prostitilknytning.

Austevoll sokneråd vil samstundes peika på at når prestane no er ansatt i prostiet og ikkje i prestegjeldet må ordninga organiserast slik at det aldri er tvil om kven som er kyrkjelyden sin prest. At presten opplevest nær og tilgjengeleg ved at han har ein klart difinert tenestestad i eit tenestedistrikt.

Vedtak

Austevoll sokneråd viser til høyringsnotat av juni 2010 med framlegg til endringar i gravferdslova og kyrkjelova.

Soknerådet meiner at fleire av endringsforslaga er ei tilpassing av gravferdslova og kyrkjelova til

allerede eksisterende praksis. Austevoll sokneråd har såleis lite å merka til dei fleste av endringsframlegga.

Austevoll sokneråd vil likevel merka følgjande.

I. GRAVFERDSLOVA

Austevoll sokneråd er samd i, og glad for, at høyringsnotatet stadfestar tidlegare praksis med at fellesrådet framleis er lokal gravferdsmyndighet, men at fellesrådet må vera seg bevist at dette er ei oppgåve ein forvaltar på vegne av samfunnet, med respekt og verdighet, og slik har det også vore praktisert. Ingen har lengre og betre erfaring med dette enn fellesrådet og det må også vera lov å sei at på dette området gjer kyrkja ein svært god jobb.

§ 10 og 12 Frist for gravlegging

Austevoll sokneråd meiner at tidlegare frist på 8 dagar i dei aller fleste tilfeller er dekkande for folk sine ynskjer. Når kyrkjevevja i tillegg har høve å dispensera frå fristen, skulle det vera mogeleg å handtera det meste av tilfella. Soknerådet er fult klar over at tida har endra seg og folk kan ha heile verda som virkeområde. Ein har såleis forståing for at det i einiskilde tilfeller kan vera ynskjeleg/naudsynt å endra frist for gravlegging til 14 dagar. Det må likevel ikkje vera slik at omsynet for den døde må vika for omsynet for dei pårørande.

Kremasjon

Dersom ein vel kremasjon, påfører dette pårørande ein ekstra kostnad i forhold til gravlegging. Slik bør det ikkje vera. Utgiftene må vera dei same anten ein vel kremasjon eller gravlegging.

§ 23 Forvaltningsansvar

Austevoll sokneråd er samd i at den som har forvalteransvaret for gravlegging i ein kommune, kallar inn "tros- og livssyns-samfunn som er virksomme på stedet" til eit samråingsmøte for å ivareta ulike behov ved gravferder. Det må i tilfelle klargjerast kven som avgjer kven som er "virksomme på stedet" og kva kriterier som skal leggjast til grunn for ei slik avgjerd? Soknerådet vil også tru at behovet frå stad til stad er noko ulikt og at det i små kommunar som t.d. Austevoll ikkje vil vera naudsynt med slike samlingar kvart år. Her må det vera rom for sunt vett. Soknerådet vil også peika på at ved slike samlingar vil det vera naturleg at også andre, som t.d. gravferdsbyråa på staden vert kalla inn.

II. KYRKJELOVA

Tilpasning til ny organisering av prestetenesta.

Ut frå endra organisering av prestetenesta og at samansetjinga av ein del prosti tydeleg er prega av å høyra ei anna tid til, er Austevoll sokneråd samd i at det kan vera både naudsynt og tenleg med ein del endringar/justeringar for nokre av prostia våre. I ein slik prosess er det viktig at prestegjelda/tenestedistrikta vert teke med på råd og at det vert vektlagt kva ein opplever som naturleg/ynskjeleg prostitilknytning.

Austevoll sokneråd vil samstundes peika på at når prestane no er ansatt i prostiet og ikkje i prestegjeldet må ordninga organiserast slik at det aldri er tvil om kven som er kyrkjelyden sin prest. At presten opplevest nær og tilgjengeleg ved at han har ein klart difinert tenestestad i eit tenestedistrikt.